



ÅRSMELDING SKULEÅRET 2014-15

SKULE: VESTBYGD

<i>Nøkkeltal GSI .2014-15</i>		
	Tal	Evt. kommentar
Elevtal skule	180	
Elevtal SFO	94	
Tal lærarar	20	
Årsverk ped. Personale	17,04	
Assistentar, årsverk	6,7	
Årstimar utført av undervisningspersonale	11237	
Årstimar gitt til ordinær undervisning	10232	
Lærartimar til spesial-undervisning §5-1	1084	
Administrasjonsressurs i %, Rektor/inspektør	85/69	

<i>Læringsmiljø</i>		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Elevundersøkelsen	Eit trygt og utviklande læringsmiljø	Elevundersøkinga viser reduksjon i mobbing, elevane trivst godt, elevane melder om god hjelp og støtte frå både lærarar og dei heime.
Betre læringsmiljø	Halde fram arbeidet med god klasseleiing	Sjølv om prosjektet «Betre læringsmiljø» er avslutta, arbeider skulen medvite i høve til god klasseleiing og relasjonsarbeid.
Zero	Null-toleranse i høve til mobbing. Nytte alle høve til å minne om Antimobbeprogrammet.	ZERO-programmet sin handlingsplan hjelper oss både med førebygging og korleis me handterer eventuelle mobbesaker.

Trivselsprogrammet	Auka trivsel og aktivitet i friminutta	TL-programmet har ført til auka fysisk aktivitet i friminutta, det har blitt mindre konflikter og elevane sjølv får øving i å leie aktivitetar. TL-programmet gir oss og innspel til ulike aktivitetar også i undervisninga.
Fysisk skulemiljø inne	Ha eit triveleg og forsvarleg innemiljø	Vi er svært glade for totalrenovering av elevtoaletta på småskulen. I løpet av sommaren 2015 har det blitt lagt nytt golv/dekke i gymsalen. Veldig bra!
Fysisk skulemiljø ute	Ha eit triveleg og forsvarleg utemiljø som inspirerer til aktivitet	Det er søknad inne frå Nordre Holsnøy IL om å legge kunstgras på grusbana ved skulen
Miljøfremjande tiltak	Legge til rette for fellesopplevingar og elevane sine kreative og skapande sider	Skulen har jamnlege fellessamlingar for småskulen og storskulen med ulike elevinnslag. Siste veka før sommaren er det Vestbygdscenen i gymsalen med innslag frå alle klassar. Vi har også utdeling av Miljøpris kvart halvår. Ved skulestart om hausten gjennomfører vi ein felles Fjellturdag.
IKT for elevane	Legge til rette for å bruke digitale verktøy og utvikle digitale ferdigheiter.	Skulen har fått trådløst nettverk og 30 bærbare pc'ar.

Eleven sitt læringsutbytte

Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Undervegsvurdering	Gi elevane vurdering som er til hjelp i det vidare arbeidet og hjelpe dei å vurdere eige arbeid. Undervegsvurderinga skal også vere hjelp til tilpassa opplæring.	Undervegsvurderinga blir gitt i det daglege arbeidet i klassen, ved elevsamtalar og foreldresamtalar. Vi øver også elevane opp til eigenvurdering.
Sluttvurdering		Ikkje aktuelt.
Leksehjelp		Leksehjelp blir gitt til 1.-4.kl. i SFO-tid.
Særskilt språkopplæring		Vi har elevar som får Særskilt språkopplæring og vi vil nok trenga fleire lærar med kompetanse innan dette feltet i åra som kjem.
Spesialundervisning	Gi spesialundervisning til dei elevane som ikkje har forsvarleg utbytte av den ordinære opplæringa.	Vi legg vekt på tidleg innsats når det gjeld elevar som strevar enten med det faglege eller det sosiale eller begge delar. Vi skulle gjerne hatt meir ressursar til ordinær tilpassa opplæring.
Lokalt læreplanarbeid		Skulen har starta revisjon/oppdatering av lokale læreplanar.Målet er betre progresjon/kontinuitet og betre tilpassa opplæring.

Faglege resultat

Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Nasjonale prøvar	Samanlikne i høve til fylkesnivå	Over fylket sitt gjennomsnitt i rekning, litt under i lesing og engelsk.
Eksamen		Ikkje aktuelt
Grunnskulepoeng		Ikkje aktuelt

Medarbeidarar

Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Etterutdanning		Dette året har vi deltatt på etterutdanningstiltak i spesped,IKT og lesing
Vidareutdanning		Matematikk, IKT og Naturfag
Leiarutdanning		
Utviklingsarbeid		Vi har brukt mest tid på Lokale læreplanar og lesing. Vi har også gjennomført

		Ståstedsanalysen for lærarane.
Medarbeidarundersøkinga		Vi har svært gode resultat på medarbeidarundersøkinga. Godt over snittet. Ser ut til at dei tilsette trivst på arbeidsplassen sin.
IKT		Vi har fått trådløst nettverk dette skuleåret noko som lettar arbeidssituasjonen for den einskilde. Vi har og sett ned gruppe for å utarbeida lokal IKT-plan.

Kompetanseutvikling		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Leiaropplæring, skuleleiarar		Deltatt på Meland kommune sine kompetansehevingstiltak: kurs/konferansar. Vi har og vore representert på Utdanningsforbundet sine Leiarutviklingskurs.
Pedagogar		2 dagars Personalseminar hausten 2014 med psykolog Trond Haukedal. Førstehjelp/livredningskurs. Elles har vi mykje kompetanse internt og ein god delekultur.
Andre tilsette		Som over. Elles ulike kurs innan spesfeltet. Kurs i div IKT-verktøy for merkantilt personale.

Vurdering av andre område		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Samarbeid med andre (BUP, PPT, Barnevern osv.)		Vi har eit konstruktivt og godt samarbeid med dei ulike eksterne instansane. Skulle gjerne sett at PPT hadde større kapasitet til rettleiing/oppfølging.
Samarbeid heimskule (utviklingssamtalar og foreldremøte)		Vi har eit svært godt samarbeid med heimane. Foreldra er flinke til å støtta opp om skulen og skularbeidet.
Rådsorgan ved skulen.		Både FAU og SU er viktige organ for skulen. FAU har dei siste to åra også overtatt 17. arrangementet ved skulen. Dei har ved fleire høve kjøpt utstyr til Trivselsleiarprosjektet og andre

		tiltak som kjem elevane direkte til gode. Elles samarbeider vi om dei tradisjonelle julefestane, temakveld med Barnevakten: Digtalet utfordringar, Turkveld i lokalmiljøet i høve Friluftslivets år.
Undervisning på alternativ opplæringsarena.		Vi har samarbeid med Ypsøy kystgard.

Skulefritidsordninga		
Tema	Mål/tiltak, aktivitet	Resultat/vurdering
Fysiske tilhøve		SFO har ikkje eigen avdeling, men nyttar vanlige klasserom. Det blir vist stor fleksibilitet både frå skule og SFO. Vi har også eit flott uteområde som SFO nyttar i stor grad.
Personalsituasjon		Vi har flinke tilsette som er med på å gi borna eit SFO.tilbod med høg kvalitet.
Samarbeid SFO og skule		Rektor og SFO-leiar har fast møtetid kvar veke der ein utvekslar informasjon og drøftar aktuelle problemstillingar. Dei fleste av våre assistentar på SFO arbeider også i skule.

Dato: 31.08.15 Underskrift rektor: _____
Rolf Inge Fyllingsnes